Aksnes familien takkar. Framleis mulighet til å gi støtte. **29.11.2020**

De kan framleis støtte innsamlinga til operasjon for Eirik Aksnes.

Innsamlinga til transport og operasjon for nakkeskadde Eirik Aksnes har no passert 300.000. Eirik og familien er svært takksame for støtta dei har fått både frå privatpersonar, aviser, firma og lag. På grunn av koronasituasjonen er dessverre operasjonen utsett, og derfor er perioden for innsamlinga blitt utvida til månadskiftet januar/februar.

På Spleis er det til no komme inn 284.550 kr frå 824 gjevarar. I tillegg er det komme inn 24.000 kr på vipps. I samband med det vil familien retta ei spesiell takk til uskedalen.no og Uskedal musikklag for merksemda dei har skapt.

Veteranbandet i musikklaget under støttekonserten for innsamlinga.

Målet for Spleisen er 400.000, og sidan operasjonen er blitt utsett er perioden for innsamlinga der utvida slik at det no er 63 dagar igjen. De kan lese meir og støtte innsamlinga HER.

Framleis kan dei som ønskjer det, også støtte innsamlinga på VIPPS (***949 85 921)*** .

Familien håpar på at koronasituasjonen vil bli meir avklara snart slik at dei slepp å venta altfor lenge før reisa til Tyskland og operasjonen kan gjennomførast.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland
Skjermbilde frå Spleis